

## Referat frå møtet mellom hytteforeiningane, grunneigarar og Skjåk kommune 22. juni 2018

Skjåk kommune inviterte hytteforeiningane i Skjåk til møte om aktuelle problemstillingar for hytteigarane i Skjåk.

### Desse møtte:

Breidablikk hytteforeining: Kirsti Gjørvad og Kjell Warholm

Grotli hytteforeining : Tor Bruland og Knut Arne Åsebø

Nysæter hytteforeining: Oddrun Dagsgard og Per Hagen

Lidarende hytteforeining: Stig Erlend Banken

Skjåk Almending: Jo-Trygve Lyngved

Grotli :Are Bergheim

Grotli: Stein Are Bergheim

Frå Skjåk kommune: Elias Sperstad, Sevald Sperstad, Per Dagsgard, Eli Johanne Lundemo

### Dagsorden:

Dagsorden for møtet var sendt ut i brev av 15. juni 2018, og hadde desse tema:

- Korleis kan «hyttefolket» nytte kontorplassane og møterommet i SMIU framover?
- Renovasjonsspørsmål, jf vedlagde e-post
- Breiband – status for fiberutbygginga
- Gamle Strynefjellsveg – brøyting og vedlikehald
- Gamle Geirangerveg - framtida
- Innlagt vatn
- Eventuelt

Ordførar Elias Sperstad ønskte velkommen, og uttrykte ønskje om ein god dialog og samarbeid mellom kommunen og hyttefolket i Skjåk. Hytteigarane er viktige for kommunen.

#### 1. Smiu

Det vart orientert om at møtelokalet, Smiu, skal vere open for alle som treng å låne ein kontorplass eller som treng møtelokale. Det er gratis å bruke lokala, og om det er hyttefolk som er i Bismo og som treng ein kontorplass for ei kortare tid, så er dei hjarteleg velkomne.

#### 2. Renovasjonsspørsmål

Vedlagt var e-post frå Knut Arne Åsebø i Grotli hytteforeining som tok opp desse problemstillingane:

*«Grotli Hytteforeining ber Skjåk Kommune og renovasjons firmaet vurdere følgende tiltak for å bedre renovasjonsforholdene i Grotli området:*

- *Samle alle containere for renovasjon på tippen ved Breidalsvatnet. Dette området er lett tilgjengelig for alle hyttefeltene i Grotli området.*
- *Utvide antall og typen avfallscontainere til å gjelde spesialavfall av typen som faller utenom husholdningsavfall.*

*Begrunnelse:*

- *Vi ser i dag at containerne ofte blir brukt til annet avfall enn det de er tenkt for.*

- *Miljøstasjonen i Skjåk er tilgjengelig bare på onsdager og det er lite hensiktsmessig for hytteeierne.*
- *Ved dette forbedrer vi kvaliteten på søppel håndtering for kommunen og gjør hyttelivet litt enklere for hytteeierne.»*

I møtet vart det vist til at manglande avfallscontainere for spesialavfall gjer at mange «dumpar» slik søppel i dei vanlege containarane i staden for å ta det med seg heim. Dette er eit problem i alle hyttefelt. Kommunen viste til at det er muleg å levere slikt avfall på miljøstasjonen i Skjåk, men det var semje om at transportavstand er ei ulempe. Utvida opningstid på miljøstasjonen t.d. laurdagsopning, kan gjere det enklare å levere slikt avfall på rett måte. Per Dagsgard viste til at det blir alt vanlegare med nedgravne containere, ein kan sjå på om det også kan vere eit alternativ i hyttefelt.

Avfallshandlinga i Nord-Gudbrandsdal er sett bort til eit renovasjonsselskap, RGS.

Konklusjon:

Kommunen vil ta opp spørsmåla som er reist med selskapet for sjå kva som ev kan gjerast av endringar/forbetringar.

Vedlagt følgjer svar frå NGR på e-posten frå Grotli hytteforeining og oversikt over containertyper.

### 3. Breiband og status for fiberutbygginga

Skjåk Energi og Eidsiva byggjer fiber i Skjåk. Målet er at 80 pst av fastbuande i kommunen skal ha fiber i løpet av 2018. Det har vore semje i kommunestyret i Skjåk om at ein skal prioritere fastbuande. Hytteområda vil ikkje kunne innlemmast før om 2-3 år.

Telenor er i gang med å leggje beredskapsfiber for tunellane på Strynefjellet, som vil vere ferdig dette året. Skjåk Almenning har retta ein førepurnad til Telenor om fiber til det nye hyttefeltet på Billingen, utan å ha fått svar.

Grotli hotell har kontakt med Telenor som vil kunne tilby fiber på mast. Dette vil kunne gje fiberdekning til hotellet. Men Skjåk Energi og Eidsiva eig ein del av infrastrukturen, og det er uklart om dei kjem til ei avtale mellom Telenor og Skjåk Energi om dette. For Grotli hotell er det avgjerande for gjestegrunnlaget at det er god nettdekning, og fiber vil vere nødvendig for at dei kan gje det nødvendige tilbodet. Men også for hyttebebuarane vil det vere av stor verdi å ha god nettdekning når dei er på hyttene.

Konklusjon:

God breibanddekning er av stor betydning både for overnattingsverksemdene og hyttebebuarane. Skjåk kommune og Skjåk Almenning tek kontakt med Telenor for eit møte. Det må arbeidast vidare med avklaring mellom Telenor og Skjåk Energi/Eidsiva om bruk av infrastrukturen,

### 4. Innlagt vatn

Innlagt vatn/toalett varierer avhengig av om det er gamle eller nye felt. Dei nyaste felt har full standard, medan dei gamle ikkje har det. Etter kvart er det mange i dei gamle felt som også ønskjer innlagt vatn. Det kan gjerast i form av søknad om dispensasjon frå

reguleringsplan frå den enkelte hytteeigar, men det kan bli mange enkeltsaker av dette. Det vil antakeleg vere meir fornuftig med ei endring i reguleringsplanen for hyttefelta. Dette kan gjerast saman med ein samla plan for VAR-området i hyttefelt i kommunen.

**Konklusjon:**

Før kommunen kan tillate innlagt vatn må det utarbeiodast ein VA-plan for kvart felt, og reguleringsplanane må endrast slik at dei samsvarer med desse.

Vedlagt kopi av brev frå Fylkesmannen i Oppland

#### 5. Gamle Strynefjellvei og Gamle Geirangerveg

Standarden på Gamle Strynefjellveg og Gamle Geirangerveg har vore tema lenge. Delar av vegen er innkøyring til hyttefeltet på Breidablikk.

Vegstandarden er svært dårleg, og har vore det i mange år. Kva kan gjerast? Statens vegvesen, Riksantikvaren og Oppland fylkeskommune har ansvaret for standarden på desse vegane. Skjåk kommune tek kontakt med dei ulike aktørane for om muleg å få standarden på desse to vegane på sakskartet, slik at det blir sett i gong nødvendig vegvedlikehald.

Eitt problem knytt til utbetring av baa vegane er at det er uklårt kven som er ansvarleg, og at det er verna vegstrekningar.

Skjåk kommune ber om eit møte med Statens Vegvesen for å få rusta opp desse gamle ferdselsårene

#### 6. Fast kontaktutval

Det var semje om at dei deltakande aktørane i møtet skal utgjere eit fast kontaktutval for hytteeigarar i Skjåk kommune. Det blir kalla inn til nytt møte litt ut på hausten -18.